



Arkivnr: 2015/1434-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård/Thorbjørn Aarethun

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

**Framtidig Vestlandsregion – status forhandlingar og framdrift****Samandrag**

I samband med at Stortinget handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» 2.6.2015 vart det vedteke at fylkeskommunene skal inviterast inn i kommunereforma, og at regjeringa tar sikte på å legge fram forslag til eit nytt folkevald nivå våren 2017. Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, «Invitasjon til å delta i reformprosessen», inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Det er nedsett forhandlingsutval, som består av fylkesordførar, varaordførar, representant for opposisjonen, fylkesrådmann og hovudtillitsvald, som skal forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig vestlandsregion. I samband med forhandlingane om ein intensjonsplan, vil det bli gjennomført utgreiingsarbeid i regi av fylkesrådmennene. Eit første utkast til ein intensjonsplan, er vedlagt denne statussaka. Utkastet til intensjonsplan viser hovedpunkt for forhandlingar og moglege forhandlingstema under dei ulike hovedpunktene.

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek statussaka om arbeidet med ein framtidig Vestlandsregion – status forhandlingar og framdrift – til orientering, og godkjenner utkast til intensjonsplan som rammeverk for foreståande forhandlingar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

**Vedlegg**

- 1 Intensjonsplan til drøfting i forhandlingsutvala (27.05.2016)
- 2 R-reforma forventningsbrev KMD (15 03 2016)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.05.2016**

### **1.0 Kommune- og regionreforma**

I samband med at Stortinget handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» 2.6.2015 vart det vedteke at fylkeskommunene skal inviterast inn i kommunereforma, og at regjeringa tar sikte på å legge fram forslag til eit nytt folkevald nivå våren 2017. Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, «Invitasjon til å delta i reformprosessen», inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

I forkant og parallelt med regionreforma pågår kommunereforma. Kommunane har fått frist til 30. juni 2016 med å avklara samanslåingar. Fylkesmennene skal på sjølvstendig grunnlag gjera ei vurdering av vedtaka til kommunestyra der det blir lagt vekt på heilskapen i regionen og fylket, og innan 1.10.2016, gje tilråding om framtidig kommunestruktur i fylket på grunnlag av:

- Lokale prosessar, innhald og vedtaka til kommunane
- Heilskapen i regionen og fylket
- Måla for kommunereforma
- Kriteria for god kommunestruktur

Regjeringa planlegg å fremja forslag til Stortinget om ny kommunestruktur og ny regionstruktur våren 2017. I utarbeidninga av beslutningsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommunar ikkje skal kunna stansa endringar som er ønska og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale hensyn. I proposisjonen vil det dermed kunna bli foreslått sammenslåingar av kommunar som avvik frå dei lokale vedtaka. Samanslåingane som blir vedtatt av Stortinget, vil som hovudregel tre i kraft 1. januar 2020, etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Ei eventuell ny valordning til Stortingsvalet vil først kunna tre i kraft i 2025.

### **2.0 Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver**

Regjeringa la 5.4.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» om oppgåver og funksjonar til eit nytt regionalt folkevald nivå. Regjeringa legg her opp til at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Regjeringa vil gjennomgå dei statlege regioninndelingane (fylkesmannen mfl.) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået.

Dei nye regionane skal få ei forsterka samfunnsutviklarrolle innan område som gjeld samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styremakter som regionalt folkevald nivå ikkje har instruksjonsmynde over, og å mobilisera private aktørar og lokale og regionale interesser. Det betyr å ha ein langsigtig og heilskapleg plan for sin egen region, slik det er omtalt i Meld..St. 22 (2015-2016) Nye folkevalde regioner – rolle, struktur og oppgaver.

#### Samfunns- og arealplanlegging

Departementet peikar på behovet for at dei folkevalde regionane utviklar ein overordna arealpolitikk, med arealkart, retningsliner og i nokon grad bruk av regionale planbestemmelser. Dette gjeld blant anna for kystsona, fjellområda og i byregionar. I meldinga er det ikkje omtalt nye konkrete oppgåver eller utvida ansvar på dette området.

#### Klima og miljø

Det er foreslått å overføra fylkesmannen sitt ansvar og rolle innan friluftsliv til nye folkevalde regionar, og fylkesmannen sitt ansvar for statleg eigde og sikra friluftsområde vil bli vurdert med sikte på overføring til større folkevalde regionar. Det blir ikkje vurdert som aktuelt å foreslå ytterlegare overføring av klima- og miljøoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.

### Integrering

Det vil bli vurdert korleis nye folkevalde regionar kan innta ei sterkare rolle i integreringsarbeidet. Det er ikkje vurdert som aktuelt å foreslå endringar i ansvar for oppgaver som i dag ligg hos Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

### Utdanning og kompetanse

Regionane får ansvar for å legga til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

### Kultur

Det er foreslått å overføra ein del oppgåver som ligg hos Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå.

### Samferdsel

Hovudmodellen for vegansvar mellom fylkeskommune og stat skal oppretthaldast. I samband med NTP rulleringa skal det vurderast om enkelte vegar skal omklassifiserast. Regionane får ansvaret for ordninga med tilskott til private lufthamner. Det skal vurderast om regionane skal få ansvar for kjøp av innanlands flyruter.

### Næringsutvikling

Regionane får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale virkemiddelaktører for forskning, innovasjon og næringsutvikling. Det er ikkje vurdert som aktuelt å overføra landbruksoppgåver fra fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert foreslått eit toårig forsøk, der ein folkevald region får ansvaret for regionale næringsprogram for landbruket som i dag vert forvalta av fylkesmannen.

#### 2.1 Handsaming av oppgåvemeldinga våren 2016

Stortinget har lagt opp til følgjande handsaminga av Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver:

- Kommunal- og forvaltningskomiteen avgir innstilling, 2.juni 2016
- Plenumshandsaming i Stortinget, 8.juni 2016

Saksordførar er Andre N. Skjelstad (V)

Fylkesordførarane Jenny Følling og Anne Gine Hestetun, og fylkesvaraordførar Marianne Chesak, deltok på høyringsmøte, 9.mai 2016, om oppgåvemeldinga i Kommunal- og forvaltningskomiteen.

### **3.0 Vedtak om «nabosamtalar» og forhandlingsutval**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane, i vedtak frå 9.12.2015, sette fram ønske om at dei fire vestlandsfylka ( Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) utgreier ein folkevald landsdelregion på Vestlandet. Fylkestinget i Rogaland fatta vedtak 1.3.2016 om at Rogaland fylkeskommune er positiv til innleiane naboprat med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylka med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida region. Fylkestinget i Hordaland oppnemte 9.3.2016 eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetja samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida Vestlandsregion. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemde i møte 18.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland oppnemde i møte 26.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Rogaland. Det vart også oppnemnt politiske styringsgrupper for forhandlingsutvala.

<b>Fylke</b>	<b>Forhandlingsutval</b>	<b>Styringsgruppe</b>
Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jenny Følling - fylkesordførar (Sp)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesutvalet med</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Åshild Kjelsnes - fylkesvaraordførar (Ap)</li> <li>• Noralv Distad - fylkestinget (H)</li> <li>• Alf Reidar Myrstad - Utdanningsforbundet</li> <li>• Tore Eriksen - fylkesrådmann</li> </ul>	tillegg av dei tre gruppeleiarane i fylkestinget frå FrP, SV og MDG.
Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Anne Gine Hestetun – fylkesordførar (Ap)</li> <li>• Pål Kårbo –fylkesvaraordførar (Krf)</li> <li>• Terje Søviknes – fylkestinget (Frp)</li> <li>• Tore Andersen – YS/Parat</li> <li>• Rune Haugsdal - fylkesrådmann</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar Raudt</li> </ul>
Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Solveig Ege Tengesdal – fylkesordførar (Krf)</li> <li>• Marianne Chesak – fylkesvaraordførar (Ap)</li> <li>• Janne Johnsen – fylkestinget (H)</li> <li>• Trond Nerdal – fylkesrådmann</li> <li>• Ingeborg L. Tyse - Utdanningsforbundet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar SV og representant fra tillitsvalde.</li> </ul>

Med bakgrunn i vedtaka om «naboprat» sendte fylkesordførarane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland brev, datert 15.3.2016, til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I dette vedlagte brevet vart det orientert om status og forventingar frå dei tre fylkeskommunane.

Per i dag går «nabosamtalen» mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Rogaland har ikkje nabosamtale med Agder og Sogn og Fjordane har ikkje nabosamtale med Møre og Romsdal.

#### 4.0 Om regionreforma i andre fylke

##### Tilgrensande fylkeskommunar

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 11.4.2016 å utgreia og ta stilling til kva fylke/delar av fylke det kan vere aktuelt å etablere nye, større regionar saman med og å gjennomføra nabosamtalar med relevante fylke (Sør-Trøndelag, Oppland og Sogn og Fjordane). Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjera formelle vedtak om nye regionale strukturar innan 1. desember 2016.

Fylkestinga i Vest Agder og i Aust Agder vedtok 26.4.2016 å oppretta ei gruppe av fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar og opposisjonsleiarar med mandat til å forhandla om å etablera ein ny region Agder. Fylkestinga vil i desember 2016 ta stilling til om ein ønsker å etablera ein ny region Agder.

Oppland og Hedmark fylkeskommunar er i samtalar om å gå saman i region Innlandet. Det er venta at sak om vidare utgreiing vert fremja i fylkestinga i juni 2016.

Buskerud fylkeskommune har nabosamtalar med Akershus fylkeskommune, Østfold fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommune. Telemark fylkeskommune deltek i eit utgreiingsarbeid som ser på samanslåing av Telemark, Buskerud og Vestfold.

##### Landet elles

Fylkestinga i Nord Tøndelag og Sør Trøndelag vedtok 27.4.2016 å søka Stortinget om å slå saman Sør-Trøndelag og Nord Trøndelag til eit fylke frå 1.1.2018.

Fylkesråden i Nordland har teke initiativ til å ha nabosamtale med Troms fylkeskommune. Fylkesråden vil fremja ei sak til fylkestinget om regioninndeling hausten 2016. Fylkestinget i Troms gjorde vedtak 16.3.2016 om å ta kontakt med Finnmark fylkeskommune og Nordland fylkeskommune for nabosamtalar. Om Finnmark og/eller Nordland fylkeskommune er interessert i å delta i ein vidare prosess, der ein mogleg konklusjon kan vera at det vert fatta vedtak i fylkestinga om samanslåing av nordnorske fylke i oktober 2016, vil Troms fylkeskommune analysera struktur og oppgåver fram til tidleg på hausten 2016. Fylkestinget

i Finnmark gjorde vedtak 25.3.2015 om at Finnmark må «bestå som eget fylke», og har signalisert dette i nabosamtale med Troms fylkeskommune i april 2016.

Fylkestinget i Akershus gjorde vedtak 14.3.2016 om å ta kontakt med Oslo for å innleia samtalar om deltaking i ei eventuell samanslåing. Akershus utgreier to alternativ; Østfold/Akershus og Østfold/Buskerud/Akershus. For begge alternativa er det opna opp for å inkludera Oslo, om Oslo skulle ønska det. Østfold fylkeskommune vurderer to alternativ – Akershus/Østfold og Akershus/Buskerud/Østfold. Basert på fylkesrådmannen si utgreing av alternativa vert det lagt frem ei ny sak i juni 2016 der det vert teke stilling til prosessen vidare.

## **5.0 Vidare regionprosess på Vestlandet – forhandlingar om intensjonsplan**

Forhandlingsutvala, som består av fylkesordførar, varaordførar, representant for opposisjonen, fylkesrådmann og hovudtillitsvald, skal forhandla fram ein intensjonsplan for ein framtidig vestlandsregion. I samband med forhandlingane om intensjonsplanen vil det bli gjennomført utgrigingsarbeid i regi av fylkesrådmennene. Det er lagt opp til følgjande overordna framdriftsplan for forhandlingane om samanslåing fram til endeleg vedtak:

- Første møte mellom forhandlingsutvala, 27.mai 2016
- Temainndelte forhandlingar om intensjonsplanen – veke 33, 35 og 37.
- Fellesmøte politiske styringsgrupper – 23.08.16.
- Fylkestinga i oktober 2016: Handsamar intensjonsplan for samanslåing.
- Høyring/informasjon
- Fylkestinga i desember 2016. Sak om samanslåing til vestlandsregion.

### 6.1 Intensjonsplan for samanslåing

Ein intensjonsplan for samanslåing av vestlandsfylka, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, vil innehalde ulike element som det må gjennomførast forhandlingar og avklaringar rundt. I arbeidet med kommune- og regionreforma er det utarbeidd veiledarar til utforminga av slik intensjonsplanar, der det er lagt inn ulike spørsmål for forhandlingar, og som til slutt vil bli lagt fram som eit grunnlag for vedtak om samanslåing.

Fylkesrådmennene har utarbeidd eit første utkast til slik intensjonsplan, som er vedlagt denne statussaka. Utkastet til intensjonsplan viser hovedpunkt for forhandlingar og mulige forhandlingstema under dei ulike hovedpunktene. Dette vedlagte utkastet til intensjonsplan vil bli presentert og lagt fram for første møte mellom forhandlingsutvala, 27.mai 2016. Siktemålet på dette første møtet er å få avklart hovedpunkt i intensjonsavtalen, forhandlingstema under dei aktuelle hovedpunktene, samt forhandlingsframdrift.